



## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
rådgivar Liv Aasen, 71258452

Vår dato  
29.09.2014  
Dykkar dato

Vår ref.  
2014/5640/FMMRLIAS/  
Dykkar ref.

Kommunane i Møre og Romsdal  
NAV-kontora i Møre og Romsdal

### **Invitasjon til konferanse 2. og 3. desember 2014 i Molde – samarbeid om tenester for utsette barn og unge**

**Tid: 2. og 3. desember 2014**  
**Stad: Quality Hotel Alexandra i Molde**

Fylkesmannen inviterer til konferanse om tverrprofesjonelt samarbeid om kommunale tenester for barn og unge med samansette behov. Utgangspunktet er barn som får hjelp frå barnevernet. Desse barna treng ofte ulike kommunale tiltak og dei oppheld seg kvar dag i heimen og i barnehagen eller skulen.

Alle er samde om at barn sine særlege behov må fangast opp så tidleg som muleg og hjelpa som vert gitt må vere utforma i samarbeid med brukarane og ikkje minst vere koordinerte. Sentrale styresmakter gir klare føringar om tidleg innsats og samordna tenester til alle som til dagleg møter barn og unge med ulike utfordringar.

Konferansen vil ta for seg tverrfagleg samarbeid frå ulike perspektiv. Første dag vil professor/psykologspesialist Atle Ødegård snakke om «tverrprofesjonelt samarbeid – eit samfunnsoppdrag». Han har erfaring på temaet frå forskning, praksisfeltet og undervisning, og han har gitt ut bøker om temaet. Psykologspesialist Kjersti Sandnes frå RKBU/NTNU fortset om kva barns tidlege utvikling og tilknytning har å seie for handtering av utfordringar seinare i livet. Ho har vore opptatt av temaet lenge og er sentral mellom anna i Modellkommuneforsøket i Trøndelagsfylka som kan høyre meir om på andre dag av konferansen. Andre dagen vil vi og få svar på nokre juridiske spørsmål som ofte vert stilt til fylkesmannen innanfor temaet for konferansen. Marit Sanner og ungdommar frå Forandringsfabrikken deler av sine erfaringar frå møte med ulike hjelparar, sjå [www.forandringsfabrikken.no](http://www.forandringsfabrikken.no).

Siste del av dag to er sett av til parallelle sesjonar der gode erfaringar frå samarbeid innanfor skule, barnehage, barnevern, helse, rus og barnefattigdom vert delte, sjå programmet.

**Målgruppe:** Barnevern, helsesøsterteneste/skulehelseteneste, PPT, barnehage, skule, NAV og andre som arbeider med barn og unge i kommunane. Særleg ønskjer vi at tverrfaglege kommunale team deltek.

Postadresse:  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon:  
71 25 84 43

Telefax:  
71 25 85 10

E-post:  
postmottak@fmmr.no

Web:  
www.fylkesmannen.no

**Kostnader:** Kvar deltakar betaler ei konferanseavgift på kr 700,-. Avgifta må betalast innan 20.11.14. Faktura vert sendt til den fakturaadressa du registrerer på påmeldingsskjemaet. Deltakarane må sjølv betale reiseutgifter. Fylkesmannen dekkjer opphaldsutgiftene. Ikkje-buande deltakarar som vil delta på middagen første dag, kryssar av for dette i påmeldingsskjemaet.

**Bindande påmelding innan: 31.10.14.** på nettsida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr) under «Kurs og konferansar/barn og foreldre». Spørsmål knytt til påmeldinga kan rettast på e-post [fmmrkurs@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkurs@fylkesmannen.no) eller på telefon 71258067/8505. Når du har meldt deg på, vil du få ein bekreftelse på e-post som brukast ved kontakt hit om konferansen.

Vel møtt til konferanse!

Med helsing

Christian Bjelke (e.f.)  
Direktør/fylkeslege

Liv Aasen

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*